



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
01.03.2017  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/2390  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

### Informasjon om tilbod i praksiskandidatordninga 2017– Gratis tilbod til barnehagertilsette - teoridelen i barne- og ungdomsarbeidarfaget

I arbeidet med å sikre god kvalitet for alle barn i barnehagen er det eit mål at alle tilsette i barnehagehagane skal ha barnehagefagleg kompetanse.

Ved gjennomgang av innrapportert statistikk for barnehagar pr 15. desember 2016<sup>1</sup>, ser vi at dykkar kommune har barnehagar utan tilsette med fagbrev som barne- og ungdomsarbeider.

Fylkesmannen planlegg i samarbeid med Hordaland fylkeskommune å gi eit gratis tilbod om teoridelen i Barne- og ungdomsarbeidarfaget til aktuelle tilsette i desse barnehagane. Andre barnehagar vil få tilbodet etterkvart som vi registrerer interessa frå dei prioriterte barnehagane. Utdanninga skal organiserast gjennom tre vaksenopplæringssenter i Hordaland fylkeskommune frå hausten 2017.

#### Om praksiskandidatordninga <sup>2</sup>

- Gjennom praksiskandidatordninga får tilsette tilbod om å ta teoridelen på VG 3 i barne- og ungdomsarbeidarfaget (BUA). Bestått eksamen og godkjent praksis gir rett til å ta fagbrev som praksiskandidat.
- Målgruppa er tilsette som ynskjer å ta fagutdanning i voksen alder, men som har brukt opp retten til gratis vidaregående skulegang.
- Fylkesmannen finansierer tilbodet innanfor «Kompetanse for framtidens barnehage, Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020», og det er difor gratis for deltakarane.
- For å få plass må ein vere tilsett i barnehage no, og ha omlag 5 års praksis frå barnehage, SFO eller skule. Det er ikkje eit krav til praksis frå SFO og skule dersom ein har om lag 5 års praksis frå barnehage.
- Det blir oppretta tre klassar for praksiskandidatar i fylket hausten 2017.  
Undervisningsstader er: Stord vidaregåande skule, Sotra vidaregåande skule, avdeling Bildøy og Åsane videregående skole, Hellebakken 35, Bergen.

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet sin statistikkportal](#).

<sup>2</sup> <http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/voksenopplaring/fagbrev-som-praksiskandidat/>

- Undervisning er planlagt til ein eller to dagar på ettermiddag / kveld i veka i tidsrommet august - juni.
- Tilbodet blir publisert på nettsida til Fylkesmannen med lenke til søknadsskjema.

### **Oppmoding til kommunen som barnehagemyndighet å motivere til utdanning**

Det er lagt ved ei oversikt over barnehagar utan barne- og ungdomsarbeidarar i kommunen. Vi oppmodar kommunane om å informere alle barnehagane som er på denne oversikta og å motivere tilsette til å melde si interesse.

Barnehageeigar har etter barnehagelova ansvar for kvaliteten i barnehagen. Dette ansvaret inneber å sørge for at personalet har den kompetansen som barnehagen har behov for.

Kommunane som barnehagemyndighet blir difor oppmoda om å motivere barnehageeigarane til å leggje til rette for at tilsette som tek utdanninga, kan gjennomføre på ein god måte.

### **Tilbakemelding frå kommunane**

Vi ynskjer ei tilbakemelding frå kommunane når de har fått førebels oversikt over interessa i barnehagane i dykkar kommune. Dersom de har høve til å melde dette til underteikna i løpet av eit par veker, ville det hjelpe oss i planlegginga. Det betyr at vi også tek imot melding om de kjenner til andre som er aktuelle for å få tilbodet.

### **Informasjon om søknadsprosedyre og søknadsfrist**

Dei som ynskjer å søkje, kan melde si interesse til Fylkesmannen på

[fmhoils@fylkesmannen.no](mailto:fmhoils@fylkesmannen.no) Dei vil få tilsendt e-post med lenke til søknadsskjema og kan søkje direkte til den skulen ein ynskjer å gå på.

Vi sender også lenke til søknadsskjema til kommunane for vidare distribusjon til aktuelle søkerarar.

**Første søknadsfrist er 1. mai**, men det blir supplerande opptak dersom søkerarar melder seg etter den datoен. Søknader som kjem inn før første mai vil uansett bli prioritert.

Med helsing

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*